

## Referat frå styremøte nr. 9-2020

**Dato:** 17.-18. september 2020

**Tid:** kl. 12.00 – kl. 12.00

**Stad:** Thon Hotel Fosnavåg i Herøy

### Til stades frå styret i SR 17. september:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)  
Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)  
Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)  
3. vara Stein Aam (ordfører i Ørsta kommune)  
4. vara Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune) til kl. 17.00

### Forfall 17. september:

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)  
1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)  
2. vara Jan Magnar Sandvik (varaordfører i Sula kommune)

### Til stades frå styret i SR 18. september:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)  
Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)  
Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)  
Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)  
1. vara Geir Inge Lien (ordfører i Vestnes kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Vegard Austnes

### Referent:

Vegard Austnes

17. september:

**Sak 37/2020: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**  
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var:

1. Konsekvensane av Magnussen 2-modellen for Helse Møre og Romsdal HF.
2. Orientering om verftssaka.
3. Musea på Sunnmøre. Forslag om å løfte saka inn som orienteringssak i representantskapet.
4. Avtale tidspunkt for eit neste fysisk møte i representantskapet.

Styreleiar viste til at regionrådet skal arbeide som eit politisk råd. Etter valet av nytt styre er det no berre politikarar i styret. Ålesund kommune har 3 styremedlemmar (frå ulike parti). 1. vara til styret vert kalla inn fast til styremøta for å sikra geografisk representasjon i styret.

**Sak 38/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 8-2020 (19.05.20)**  
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå førre styremøte vart godkjend.

**Sak 39/2020: Presentasjon av Herøy kommune**  
Ved ordførar Bjørn-Halvor Prytz

Prytz ønskte velkomen til Herøy kommune og presenterte kommunen.

**Sak 40/2020: Framtidig organisering av regionrådet**  
Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret vedtok på møte nr. 8-2020 (sak 36/2020) 19. mai:

«Styret var samd om å vidareføre organiseringa som interkommunalt selskap fram til det er gjennomført ein prosess med evaluering av SR.»

På representantskapsmøte nr. 2-2020 (sak 16/2020) 5. juni vart det peika på at ein må spisse målsettingane for SR sitt arbeid i høve til kva politikarar er opptekne av.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak om vegen vidare:

- «1. Representantskapet ber styret legge fram forslag til ny selskapsavtale.
2. Representantskapet ber styret legge fram forslag til ny strategi.»

På styremøtet vart det ikkje drøfta alternativ til organisering som IKS. Strategi vert tema på neste styremøte.

Styret kom fram til at *eit samla Sunnmøre* er ei overordna målsetting for regionrådet sitt arbeid. Det må takast stilling kva (3) saker regionrådet skal prioritere å arbeide med (ad hoc saker kjem i tillegg), korleis samarbeidsprosessane skal vere i regionrådet og korleis ein skal få gjennomslag politisk i dei prioriterte sakene.

### **Sak 41/2020: Kva politiske saker skal regionrådet prioritere?**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

På representantskapsmøte nr. 2-2020 (sak 16/2020) 5. juni viste dåverande styreleiar til at SR har regionalpolitisk verdi, og at den største trussel for utvikling på Sunnmøre er politisk oppsplitting. Geir Vinsand frå Nivi Analyse peika på same møte på at det er mykje som bind kommunane på Sunnmøre saman, t.d. er Sunnmøre ein naturleg næringsregion. På sikt må det utviklast nokre satsingsområde, t.d. innan infrastruktur.

Før styremøtet hadde styreleiar bede kvart styremedlem gi tilbakemelding på e-post om kva saker som var viktige. Styremedlemmane ga m.a. tilbakemelding om at eit samla sunnmøre, samferdsel, helse og nytt fengsel i Ålesund - Sunnmøre soningssenter var viktige saker.

Styreleiar sa at ein må vere tydeleg på forventningane til kvarandre i regionrådet. Kvart styremedlem fekk fortelje om sine forventningar til regionrådet.

Det som kom fram var m.a.:

- Regionrådet må ta opp aktuelle og viktige saker
- Regionrådet må samordne interessene og leggje trykk på sakene
- Saka om Lånekassa i Ørsta er eit bevis på at samarbeid i regionrådet nyttar
- Sunnmøre må halde saman for å få gjennomslagskraft
- Det må ikkje bli kamp om saker internt i regionrådet
- Ein må unngå at søre Sunnmøre vert eit eige fogderi
- Ålesund er ein motor i regionen
- Ålesund må vere storsinna og ikkje gløyme regionen rundt byen
- Det er viktig at Ålesund er saman med resten av Sunnmøre
- Distrikta må få vere med å påverke det som skjer i regionrådet
- Samferdsel og infrastruktur er viktige saker
- Regionrådet kan ta ein plass som fylkeskommunen ikkje kan
- Regionrådet kan bli viktig for korleis ein samhandlar framover
- Det er viktig å få konkretisert motsetningar for å unngå å tape terreng
- Regionen må byggjast også sør og nord for Sunnmøre
- Ein må samarbeide i heile fylket
- Ein må sjå til regionar som får til ting
- Styret må vere ein ressurs for at regionrådet skal nå måla
- Det er viktig å ta tak i framtida og skape gode historier
- Ein må setje målsettingar for det politiske arbeidet
- Det er viktig med årshjul i regionrådet sitt arbeid

- Regionrådet må hente inn ekstern kompetanse for å påverke/få gjennomslag
- Ordførarnettverk og møteplassar er viktig

Saka vart drøfta vidare neste dag i sak 44/2020.

#### **Sak 42/2020: Arbeidsform i styret**

**Nytt styre, fordeling av arbeidsoppgåver – kva er det enkelte styremedlem sine sterke sider? Korleis skal vi arbeide for å oppnå resultat?** Ved styreleiar Vebjørn Krogseter

Alle styremedlemmane fekk presentere seg på møtet. Målet var å bli betre kjend og bygge tillit.

Styreleiar viste til at arbeidsforma må vere slik til at kvart styremedlem må kunne engasjere seg i enkeltsaker. Det er også viktig at kvart enkelt styremedlem kjem med saker til styremøta.

#### **Sak 43/2020: Vidare arbeid med ny Nasjonal transportplan (NTP) 2022-2033**

Ved styreleiar Vebjørn Krogseter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar viste til at Sunnmøre Regionråd har gitt uttale om NTP 2022-2033 og at ein er bunden av tidlegare styrevedtak. Han sa at ein må få til betre prosessar ved neste korsveg, men at ein no står på prioriteringane som er gjort.

Administrasjonen i regionrådet følgjer opp saka om NTP 2022-2033. Det vert m.a. møte 12. oktober 2020 mellom Sunnmøre Regionråd og Nordfjorderrådet for å drøfte vidare samarbeid.

18. september:

#### **Sak 44/2020: Vidare drøfting av politiske saker og framtidig arbeid i SR**

Ved styreleiar Vebjørn Krogseter

Saka vart innleia med ei oppsummering av gårsdagen.

Vidare fekk dei styremedlemmane som ikkje hadde vore med på møtet dagen før høve til å presentere seg og fortelje om kva saker dei meiner regionrådet skal prioritere.

Styret kom fram til at regionrådet skal prioritere følgjande saker:

- Samferdsel
- Helse og sjukehus
- Nytt fengsel i Ålesund - Sunnmøre soningssenter

Vidare at Sunnmøre Regionråd også skal arbeide med følgjande saker ad hoc:

- Støtte til Pet-skannar ved Ålesund sjukehus
- Arbeide for å kunne utnytte masse frå Nordøyvegen til forlenging av rullebana på Ålesund lufthavn Vigra (i samarbeid med Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra)
- Samordne renovasjonsselskapa i regionen (sak på neste representantskapsmøte)
- Vindkraft (sak på neste representantskapsmøte)
- Musea på Sunnmøre (sak på neste representantskapsmøte)

#### **Sak 45/2020: Nytt fengsel i Ålesund – Sunnmøre soningscenter**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og styremedlem Dag Olav Tennfjord

Styret meinte First House-rapporten om prosjektet var god. Det vert arbeidd med å lage ein ny presentasjon av prosjektet, samt utvikle strategien for det vidare arbeidet.

#### **Sak 46/2020: Eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Saker til eventuelt var:

1. Konsekvensane av Magnussen 2-modellen for Helse Møre og Romsdal HF. Styret bestemte å kome med ein uttale i media i denne saka.
2. Orientering om verftssaka. Denne saka gjekk ut, orientering vert sendt til styret.
3. Musea på Sunnmøre. Saka vert orienteringssak på neste møte i representantskapet.
4. Avtale tidspunkt for eit neste fysisk møte i representantskapet. Neste møte vert 12. november 2020.